

B-1

Hjertås 12.04.15

Til Meland Kommune

Side 1 av 2

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Postboks 79

5906 Frekhaug

Søknad om dispensasjon vedkommande Gnr. 22 Bnr. 42 og 253

Viser til referat frå førehandskonferanse me hadde med Meland kommune den 26.01.16 . Men har valt å søkje om dispensasjon frå planformålet slik at delar av formål for vegetasjonsskjerm vert endra til bustad formål.

Då reguleringsplanen for Mjåtveitmarka blei laga, vart ikkje nødvendige grenser påviste før formåla blei fastlagde i plankartet. Eigar av overnemte eigedommar når planarbeidet pågjekk var nesten 90 år og hadde ikkje muligheit til å fylgja med i planarbeidet , slik at han kunne klaga undervegs i prosessen. Dette førte til at delar av overnemte eigedomar ligg i dag med formål vegetasjonsskjerm og eigedommane kan ikkje nyttast fullt ut til bustad slik intensjonen i utgangspunktet var. Parkbeltet på Gnr. 22/253 utgjer 194,4 m2 og på Gnr22/42 ca. 100m2.

Dette fører til store ulemper for begge eigedommane både når det gjeld utnytting og opparbeiding av eigedommane, men også ein foringelse av verdien. Vegetasjonsskjermen er på dette området på sitt breiaste og ved at fylgja eigedomsgrensane vil det etter vår vurdering ikkje ha noko å seia for skjerminga mot industriområdet. Parkbeltet vil da også ha ein meir lik bredde mot industriområdet. Fordelane med at dette blir endra er at ein vil få eit betre bumiljø i området og eigedommane som allereie har opparbeida uteområde/hage vil samstundes gi ein naturleg skjerm mot parkbeltet/industriområdet.

Ut frå grunngevinga i søknaden meiner me at fordelane ved ein dispensasjon etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene.



KNUT HENANGER

For eigar av 22/42



HEGE ANNETTE H HELLEN

eigar av 22/253



PÅL KÅRBØ